

Måge

TEMA: Landskapet ⑨, Bønder og busetnad ⑬37

2000 ÅR GAMMAL STEININDUSTRI

Kleber er eit steinslag vi finn mykje av i Hardanger. Det går store klebergangar i fjellet under Folgefonna. Desse gangane kjem ut i dagen både i Krossdalen i Jondal, ved Kvitno i Odda og ved MÅGE i Ullensvang. Det er mange spor etter kleberbrot i Hardanger, og eitt av dei største felta ligg oppe i lia ovanfor Måge.

Frå Måge.



Kleber har spesielle eigenskapar. Steinen er tung og mjuk og har evna til å halda på varme. Desse



eigenskapane har vore utnytta på ulike måter; til å telja til fiskesøkke, til vevlodd eller «kljåsteinar» (⑬217), til støypeformer, til gryter og til steinheller. Gryter av kleberstein har vore nytta i Noreg heilt frå hundreåra før Kristi fødsel, men verkeleg storindustri vart ikkje dette før i vikingtida og i mellomalderen. Den fint profilerte bygningssteinen i mellomalderkyrkjene er kleberstein. Men bruken av kleberstein til gryter i det daglege hushaldet går altså 2000 år attende. Med pigghakke og meisel vart gryta grovforma, slik at ho stod på ein tapp ut frå bergveggen. Så

FERDSLÅ OVER FONNA

Frå REISETTE fører ein gammal ferdsleveg opp Reiseteskardet og over fjellet til Krossdalen i Jondal. Garden Reisetete ligg omlag 300 moh. Truleg har gardsnamnet samanheng med gno. reid «riding, veg», – i slekt med engelsk road – og settr «bustad, opphaldsstad». Namnet tyder då rett fram «garden ved vegen».

Gjennom århundre har det vore stor ferdsle mellom Jondal og Sørfjorden over Reiseteskardet (⑬379). Pilgrimar som skulle til kyrkja i Røldal tok denne snarvegen over fjellet; hestehandlarar som kom med drifter nordfrå likeins. I førstninga av 1800-talet var det også mange ferdafolk som gjesta Hardanger. Fleire av dei var vitenskapsmenn og granskarar, og dei har skildra turen over Folgefonna som eit høgdepunkt. Sommaren 1843 kom Tidemand og Gude over fjellet, på veg til Vikøy. Dei stogga på Reisetete nokre dagar, og her skal dei ha laga skissene til målarstykket «Bruddefærden i Hardanger».



Klebergryte frå Måge.

vart gryta hoggen laus, uthola og pussa. Klebergrytene hadde den store føremomen at oppvarminga vart jamn; grytene heldt på varmen og gauten vart ikkje svidd. □

Frå dei underjordiske gangane ved Raudesteinane.

MÅGESKATTEN

Gøymd i ei stor steinrøys på Måge fann to gutar under leik, ein dag i byrjinga av 1900-talet, ei klebersteinsgryte full av sølvmyntar; ein heil sølvskatt. Klebersteinsgryta, som skreiv seg frå vikingtida, viste seg å vera fylt med 240 sølvmyntar, 3 sølvringar og 2 bronseslag. Av myntane var det 4 tyske og 8 franske penningar, medan resten var norske. Nokre av myntane var slått under kongane Magnus den gode (1035–47) og Harald Hardråde (1046–66), men dei fleste under brørne Magnus (1066–69) og Olav Kyrre (1066–93). Myntane syner at heile skatten må ha vorte gøymd vekk ein gong etter år 1080.



To av myntane frå Måge. Avers og revers.



Kleberbrot. Vi ser kor det har vore teke ut emne til gryter.